

Fra: bjarte@naterstad.no[bjarte@naterstad.no]
Mottatt: 03.07.2026 12:00:13
Til: Francesca Galdiolo[francesca.galdiolo@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: Ytre Hardanger Sikringsradiolag.

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå bjarte@naterstad.no. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Hei!

Drifta av sikringsradiostasjonen på Vardahorga (kanal 11) går no greit etter utskifting av batteria to gonger i 2022 og stormskade på eit solcellepanel som måtte skiftast. Vi har og fått i drift ein stasjon oppe ved Jukla i Mauranger. Den er montert i Statkraft si radiohytte som dei kallar Krokaksla (kanal 12A) Det er straum og naudstraum i denne hytta. Denne stasjonen er finansiert av Sikringsradioen sentralt etter tilskot frå Gjensidige.

Vi har slite med å skaffa pengar til dei naudsynte tiltaka på Vardahorga og Bjarte Naterstad har ytt privat lån til dette. Det er ein del faste kostnader ved drifta som vi må ha tilskot frå beitelag og andre i framtida. Alt arbeid med dei to stasjonane vert gjort på dugnad. Skl har transportert batteri til Vardahorga og teke dei gamle ned att utan kostnad for oss.

Det er viktig å opparbeida ein viss eigenkapital i sikringsradiolaget no. Viss det skjer noko med sendarane om vinteren så må vi leiga helikopter for å koma opp og sjå til dei. Det er ikkje forsvarleg å gå opp med mykje snø i fjellet.

Bjarte Naterstad var oppe på Vardahorga og såg til stasjonen der 29. desember 2025. Då var det nesten ikkje snø og fint å gå.

Vi ber med dette om å få utbetalt tilskota som er løyvde frå fiskefondet og viltfondet i Kvinnherad kommune.

Rekneskapane frå perioden 2022 -2025 ligg ved.

Konto nr. 3460 13 04858

Med helsing
Bjarte Naterstad
kasserar